



Svein Monstad
Vatne 9
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/895 - 18/17613

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
01.06.2018

Landbrukssak GBNR 170/3 Vatne - Fritak frå gjødselplan

Eigedom: Gnr.170 bnr.3 Vatne
Adresse for eiged.: Vatne 9
Type tiltak: Fritak frå krav om gjødselplan
Søker: Svein Monstad

Saka gjeld:

Det er krav om gyldig gjødselplan for å kunne søkje om og motta produksjonstilskott i landbruket. Søker meiner han driv so ekstensivt at han ikkje treng gjødselplan. Forskrift om gjødselplan §5 opnar for at kommunen kan gje dispensasjon frå kravet om gjødselplan. Grunnlaget for å gje dispensasjon er svak gjødsling og få dyr i ekstensiv drift.

Grunnlag:

Gnr. 170 bnr.3 har 20da slåtteland og 15da innmarksbeite. Driftforma er sau som beitar ute heile året. Vinterhalvåret står dei inne om natta. Det vert kjøpt inn 600kg. Fullgjødsel av type 18-3-15. Det vert ikkje spreidd husdyrgjødsel på innmarka anna enn det sauene legg att. Anna gjødsel vert delt ut til hageeigarar. Det er 30 vinterfora sau i drifta. Innkjøpt gjødsel vert nytta på alt areal.

Vurdering:

Gjødseldyreiningar er $30:7 = 4,2$ gjd.
Innkjøpt fullgjødsel tilsvarar 3,4kg N, 0,6kg P og ca 3 kg K pr.da.
Normgjødsel for driftsforma vert sett til om lag 11kg. N.
Det ligg ikkje føre jordprøver som kan seie noko om tilstanden i jorda.

Konklusjon:



Spreiearealet på bruket er lite, og innkjøpt mengde fullgjødsel gjev ei gjødsling som er lavare normgjødsel.
På denne bakgrunnen meiner landbrukskontoret søker kan få fritak frå kravet om gjødselplan.

Vedtak:

Med heimel i forskrift om gjødselplanlegging §5 gjev Lindås kommune Svein Monstad fritak frå kravet om gjødselplan.

Vedtaket er gyldig i 5 år.

Om dyretal eller innkjøpt gjødsel endrar seg fell løyvet vekk.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein Monstad

Vatne 9

5912

SEIM